

Saksliste - møte nr. 3 i Forhandlingsutvalet for «Ny kommune Nordhordland»

Møte: Nr 3
Tid: Torsdag 25. juni kl. 15:00 - 20:00
Stad: Nordhordland Folkehøgskole - Veslestova

Kaffi og litt å bita i er tilgjengeleg frå kl 14:30. Tek sikte på å ha middag ca kl 16:30.

Sak 15/15 Godkjenning, møteinnkalling og saksliste

Sak 16/15 Godkjenning, møteprotokoll møte 2 – 27.05.2015 (vedlegg)

Sak 17/15 Kva prinsipp ønskjer vi at den nye kommunen skal bygge på?

Åsbjørn Vetti frå KS konsulent vil utforme eit opplegg der vi jobbar i grupper i ulike stasjonar med ulike tema.

Dei ulike tema som er satt opp er følgjande:

1. Kva bør namnet vere på den nye kommunen?
2. Kvar bør administrasjonssenteret vere?
3. Korleis bør kommunehusa nyttast?
4. Nærsenter – kva vil vere naturlege oppgåver til eit nærsenter i ein framtidig Nordhordlandskommune? Kvar bør nærsentra ligge?
5. Kva prinsipp bør ligge i botn for tenestene til innbyggjarane?
6. Kva tenester bør vere samla og kva kan vere meir desentralisert? Kva prinsipp bør leggest til grunn?
7. Demokrati – korleis kan den nye kommunen leggje til rette for eit levande lokaldemokrati?
8. Korleis sikre levande lokalsamfunn? Samfunnsutvikling?
9. Økonomi
Korleis skal vi harmonisere skatter og avgifter, gjeld, fond, planlagte investeringar?

Det som kjem fram i arbeidet vert samanstillt i eit eige dokument som vert sendt ut saman med referatet.

Sak 18/15 Kommunikasjonsplan

Vedlegg: Forslag til kommunikasjonsplan

Med bakgrunn i sak 12/15 er der laga eit utkast til ein kommunikasjonsplan som sier noko om mål, rammer og tiltak og ansvar for tiltak.

Sak 19/15 Innbyggerundersøking

Vedlegg: Forslag til innbyggerundersøking

Sak 20/15 Møteplan

Arbeidsutvalet ser behov for å ha eit møte før 21. oktober for å halde tilstrekkeleg trykk i prosessen. Foreslår derfor at vi tek eit møte måndag 24. august frå kl 16.00 – 20.00.

Ser også behov for å få fastlagt heile møteplan for hausten. Foreslår difor følgjande møteplan for 2. halvår 2015.

- 24. august – 16.00 – 20.00
- 21. oktober – 16.00 – 20.00
- 16. november – 16.00 – 20.00
- 7. desember – 16.00 – 20.00

Sak 21/15 Oppsummering og tema på neste møte – 21. oktober kl 12.00

Knarvik, 25. juni 2015



Jon Askeland
Leiar i forhandlingsutvalet
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleder
Nordhordland Utviklingsselskap IKS